

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 26.01. 2016

SAKSHANDSAMAR: Kjell-Einar Bjørklund

SAKA GJELD: Landsverneplanen Helse - Godkjenning av forvaltningsplan for Førde sentralsjukehus og Psykiatrisk klinikk avdeling Tronvik.

ARKIVSAK: 2015/02023

STYRESAK: 015/16

STYREMØTE: 10.02. 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner forvaltningsplanene for freda anlegg ved Førde Sentralsjukehus og psykiatrisk klinikk avdeling Tronvik.

Oppsummering

Styret i Helse Førde har godkjend forvaltningsplanane for dei freda anlegga og bygningane ved Førde sentralsjukehus og ved Tronvik psykiatriske avdeling som er freda av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova. For freda og verna eigedommar er det plikt til å utarbeida forvaltningsplanar. Desse planane trekkjer m.a. opp skiljet mellom kva som er «vanleg vedlikehald», som er tillat innan rammene som forvaltningsplanen trekkjer opp, og kva som ikkje er «vanleg vedlikehald», som krev godkjenning av Riksantikvaren.

For freda eigedommar skal forvaltningsplanane føreleggjast for Riksantikvaren før dei endeleg kan godkjennast og takast i bruk av helseføretaket. Forvaltningsplanane for dei freda anlegga i Helse Førde har vore førelagd for Riksantikvaren. Styret i Helse Vest RHF har i sak 061/12B fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret til endeleg godkjenning.

Fakta

Styret i Helse Førde HF har i møte 19.06.2015, sak 044/2015A godkjent forvaltningsplanar for freda anlegg og bygningar ved Førde sentralsjukehus og Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik. Kopi av styresaka følgjer vedlagt (vedlegg 1). Ved brev av 29.6.15 har Helse Førde sendt saka over til Helse Vest RHF for endelig godkjenning. Bakgrunnen for at saka nå blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF er at styret i sak 061/12B har fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret for endeleg godkjenning. Den nærmare grunngevinga for denne behandlingmåten går fram av den nemnde styresaka.

Fredingsforskrifta av 9.11.11, fastsett av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova, pålegg det einskilde fagdepartement å sørge for at det blir utarbeidd forvaltningsplanar for alle freda bygg og anlegg som fagdepartementet har ansvar for. Helse- og omsorgsdepartementet har vidareført dette kravet gjennom føretaksprotokollane til dei regionale helseføretaka som igjen har vidareført kravet til helseføretaka gjennom styringsdokumentet.

Når det gjeld krava til kva ein forvaltningsplan for freda og verna bygningar skal innehalda, er dette nærmare omtala i kongeleg resolusjon av 01.09.08 om staten sine kulturhistoriske eigedommar. Det følgjer av resolusjonen at forvaltningsplanane skal innehalda ein fagleg forankra omtale av korleis verna eigedommar skal forvaltast og vedlikehaldast for å ta vare på verneverdiane. Vidare følgjer det av resolusjonen at forvaltningsplanane skal utarbeidast i samsvar med antikvariske prinsipp og innehalda ei detaljert registrering og dokumentasjon av kvar enkelt bygning og ein omtale av når rett kulturminnestyresmakt skal kontaktast.

I den nemnde fredingsforskrifta § 1-5 er det fastsett at forvaltningsplanar skal føreleggjast for Riksantikvaren for å sikra at innhaldet i planen ivaretek føremålet med fredinga.

Den 09.04.15 ble forvaltningsplanane for Helse Førde sine freda objekt førelagt Riksantikvaren. Føretaket har oppdatert planen med dei tilbakemeldingane som blei gitt i møtet med Riksantikvaren og helsesektorens kulturminnerådgjevar.

Forvaltningsplanane er etter Riksantikvaren sin vurdering i samsvar med krava som vert stilte i kgl. res.

1.9.2006 om statlege kulturhistoriske eigedommar.

Omfanget av freding og vern

Førde sentralsjukehus har to bygningar som er freda i verneklasse 1. Grøntanlegg og uteområde ved sjukehuset er og freda. Ved psykiatrisk klinikk avd. Tronvik er det fire bygningar som er freda i tillegg til at uteområde er verna i verneklasse 2.

I grunngevinga for Riksantikvaren sitt forskriftsvedtak om freding av Førde Sentralsjukehus står mellom anna: Førde sentralsjukehus er et tidstypisk døme på offentlig institusjonsbyggeri frå 1970-talet og svært godt bevart sjukehusanlegg frå perioden etter sjukehuslova i 1969. Anlegget har difor høg samfunnshistorisk betydning. Bygningane har også arkitekturhistorisk verdi som representative døme på offentleg byggeverksemd i denne perioden.

Materialbehandling og utføring vitnar om høg kvalitet og medviten formgjeving i så vel eksteriør som interiør. Anlegget er prega av medvite ivaretaking av opphavlege element og arkitektoniske uttrykk. Til tross for seinare endringar og påbygg, har anlegget svært høg grad av autentisitet i heilskap og detaljar som er tidstypiske for sjukehus og institusjonsbygg frå perioden.

Grøntanlegget ved sjukehuset er planlagt som heilskap saman med sjukehusbygningen. Det består av dammar, bru, skulpturar og lauvtre; Uformelt anlagde stiar og vegetasjon dannar uregelmessige dråpeforma labyrintar. Utelys sit i armaturar i låge rettvingla betongkonsollar som også fungerer som benkar. Parken ligg på begge sider av tilkomstvegen inn til sjukehuset. Vegen dannar også ein akse som bind saman sjukepleieskulen i nord og sjukehuskroppen. På sjukehuset er parkanlegget avgrensa med hekk. Variantar av motiva med labyrint og vasspeil vert gjenteke i ein mindre hage på utsida av vestibylen i 1. etg.

Anlegget ved Tronvik har stor helsehistorisk verdi som ein av dei første opne psykiatriske institusjonane i landet (Fylkessjukeheimen Tronvik). Utviklinga og bruk av psykofarmaka (medisiner) i behandlinga av psykiatriske pasientar medførte andre åtferdsmønster og muliggjorde andre arkitektoniske løysingar med mindre bruk av fysiske tvangsmidlar, og opne landskapsanlegg utan bruk av gjerder. Hovudbygningen og utvidingane på 1960-tallet er i nøkternt formspråk med tidstypisk materialbruk. Anlegget har nasjonal betydning som viktig eksempel på utviklinga innanfor psykiatrien i Noreg og regional betydning ved at dette er den første institusjonen for psykiatriske pasientar i Sogn og Fjordane.

Kommentarar

Forvaltningsplanane som nå ligg føre for Førde sentralsjukehus og for Tronvik psykiatriske avdeling skal leggjast til grunn for og vera retningsgivande for den samla forvaltinga og vedlikehaldet av bygningane på eigedommen. Forvaltningsplanen trekkjer mellom anna opp grensa mellom kva som er «vanleg vedlikehald» og kva som fell utanfor denne ramma og krev godkjenning frå Riksantikvaren.

Fredingsvernet er omfattande og grip inn i all planlegging for framtidig bruk av bygningane. Det er berre vanleg vedlikehald utført innanfor ramma av det som er trekt opp i forvaltningsplanen, som kan utførast utan samtykke frå Riksantikvaren. Sjølve planen følgjer som vedlegg til saka.

Konklusjon

Helse Førde har gjort eit grundig og omfattande arbeid med forvaltningsplanane for sine freda og verna anlegg. Planane er i møte førlagd Riksantikvaren og helsesektoren sin kulturminnerådgivar. Dei kommentarane som framkom i møtet er innarbeidd i planen.

Forvaltningsplanane gir Helse Førde eit kvalitativt verkemiddel til å sikra at verneverdiane ved Førde sentralsjukehus og anlegga på Tronvik blir ivaretatt. Sidan planane heller ikkje peikar på openbare konfliktområde mellom verneverdiane og planar for framtida eller særskilde økonomiske utfordringar, tilrår administrerande direktør at styret godkjenner forvaltningsplanane for Førde sentralsjukehus og for Psykiatrisk avd. Tronvik

Vedlegg:

1. Styresak Helse Førde HF, sak 044/2015A
2. Forvaltningsplaner, Førde Sentralsjukehus
3. Forvaltningsplaner, Psykiatrisk klinikk avd Tronvik